

ARBEIDSSTOVA - Dagsenter

Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 c), jfr. § 3-1 og Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a) i tillegg til Forvaltningslova

Føremål med tenesta

-Dagsenteret er ein møteplass for sosialt samvær og for å førebyggja sosial isolasjon

Kven kan få tenesta

-Tilbod for dei som kjem seg lite ut og treng sosial kontakt med andre

Innhaldet i tenesta

- Sosialt fellesskap med andre og ulike aktivitetar
- kaffi m/noko attåt
- dei som ynskjer det kan få ta del i ulike typar handverksarbeid med årleg basar som målsetjing
- tilbod om deltaking på tur – etter nærmare avtale

Kva du kan forventast av oss som tilsette

- me møter deg på ein respektfull og høfleg måte
- tilsette held teieplikta
- me vil arbeida for at du skal kjenna deg velkomen og oppleve dagsenteret som eit viktig påfyll i kvardagen

Kva forventar me av deg som brukar

- at du møter andre på Arbeidsstova med respekt
- at du kan vera til hjelp for andre som treng støtte/rettleiing

Praktiske opplysningar

- Ein tilsett har ansvar for drift av for Arbeidsstova
- Arbeidsstova er ope kvar torsdag – frå kl 09.00 – 12.00
- Betaling: tilbodet er pr i dag gratis
- Transport: etter nærmare avtale.

Saksgang ved søknad om å delta ved Arbeidsstova

- det skal føreliggja eigensøknad
- Tverrfagleg gruppe i pleie og omsorg vurderer søknaden – og vedtak/skriftleg svar skal føreliggja innan 3 veker etter skriftleg søknad er motteken

Klage

Dersom du ynskjer å klaga på vedtaket er klagefristen 4 veker frå du har motteke vedtaket. Klagen skal sendast til Avd. pleie og omsorg. Viser til vedtak på tenesta - der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.

Ansvarleg for tenesta: Avd.sjukesleiar i open omsorg

Tlf. Ulvik Sjukeheim:56-52-70-80

Adresse: Avd. pleie og omsorg, Ulvik herad, Prestegarden 14, 5730 Ulvik